

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0194	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
<b>Prosjektnavn</b>	Den tette byen - byggjetrinn 1			

### Kort beskrivelse

I regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, deltok Stord kommune i fase 1 i Byregionsprogrammet med prosjektet «Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland». Etter ulike prosessanalyser vart konklusjonen at Stord på mange måter oppfyller status som regionsenter, både i kraft av befolkningsstorleik, nettoinnpendling, infrastruktur, kompetansenivå, dekningsgrad detaljhandel og arbeidsplassdekkning. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har no sendt søknad om midlar

### Prosjektbeskrivelse

#### Prosjektbeskriving

I fase 2 i Byregionsprogrammet er det prioritert å vidareutvikla møteplassar, der fokuset skal vera utvikling av regionen og ei oppleving og synleggjering av at me står sterke saman.

Vidare står det:

«Eit visuelt opplevingsmiljø og gode møteplassar er viktige for næringsutvikling, kulturaktivitetar, rekruttering og sikring av busetjinga. Gode tettstader må ha mange ulike tenester og kultur».

I samband med århundreskifte vedtok kommunestyret at torget skulle vera Stord kommune sin tusenårs plass. Det skulle gå ein akse frå hamna opp over torget og til Visteensparken.

Det har vore utarbeid alternative forslag for torget utan at dei har vorte realisert. I mellomtida har Heiane næringsområde vokse og blitt ein stor konkurrent for handelsverksemda på Leirvik. Det er eit sterkt ønskje om å ta tilbake Leirvik sentrum som møteplassen. Målet er at området skal vera ein felles arena som invitere til inspirasjon, samhald, rekreasjon, trivsel, leik og handel. Sjølv om fase 1 i Byregionsprogrammet slo fast at det er vekst og full sysselsetjing på Stord, viser det seg no at arbeidsmarknaden har endra seg. Det er massepermitteringar og oppseiingar. Nett no er det vanskelege tider.

Kunstnaren Anders Kjellesvik er engasjert til å realisere sitt utsmykkingsforslag Den høgreiste og Havet. Han har starta arbeidet som skal stå ferdig i september 2016.

I sitt utsmykkingsforslag skriv kunstnaren:

Utsmykkinga eg ønskje å realisere bygger vidare på aksene (jf. Tusenårs plassen) og ambisjonane i reguleringsplanen for Stord 2010-2012. Føremålet er å gjera Stord aktuell og synleg i ein større og internasjonal samanheng. Verket rører og synleggjer staden sin identitet. Historisk er øya eit viktig regionsentrum, han ønskje å styrke staden også som kultursentrum. Utsmykkinga skal skile seg frå

tradisjonell offentlig kunstverk; den skal vera stadsspesifikk og unik for Stord. Prosjektet skal til høyre menneskjene som bur her.

Utsmykkinga med tittel Den høgreste og havet er eit todelt kunstverk, fordelt mellom Leirvik torg og Vidstenparken. På torget vil det byggjast ein skulptur forma som amfiteater og i Vidstenparken ein serie skulpturar – ein skulpturpark.

No når kunstnaren er i startfasen har me ein unik sjanse til å legge detaljerte føringar for både Torget og Vidstenparken. Dei ulike kreftene som har interesser i området bør i lag delta i prosessen med utviklinga. Det skal det takast omsyn til både torget som møtestad, som ein plass for større tilstellingar, kunsten skal inn i sitt rette element og torghandlarane skal fortsetja si verksemd på torget. Me søker om midlar til eigen detaljplan for heile torget, og utbyggingsplan for Vidstenparken.

Ein utbyggingsplan for Vidstenparken skal inneha forslag til ny scene, nytt amfi, service / toalettanlegg og ny vegtrase gjennom området. Det er svært viktig at ein no tek omsyn dei ulike aktivitetane som er planlagd i parken. Område for leik, kunst utsmykkinga med 7 ulike skulpturar, område for «Dustefjerten og Co, basert på forfattaeren Rune Belsvik sine barnefortelljingar, område for scene og amfi, for rekreasjon og aktivitetar knytt til Sunnhordland museum.

Ei realisering av planane vil løfte torget og Vidstenparken. Heile området vil representere Senteret i Sunnhordland og kan verta ein unik møteplass for heile regionen.

#### TORGET PÅ LEIRVIK

I PS 9/14 vedtok Komitè for næring, miljø og kultur å nemne opp eit utval som fekk til oppgåve å legge fram forslag til vidare strategi for detaljplanlegging av Leirvik torg. Utvalet var oppteken av at arbeidet med torget skulle komme i gong snarast, og valde å leggje fram konkrete forslag til plan for opparbeiding av deler av torget. Forslaget tok utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan for Leirvik sentrum R-281-000, som er retningsgjevande for detaljarbeidet med Torget.

Sidan det berre vart set av kr 1 million valte utvalet å konsentrera arbeidet om området som i dag er torg/parkeringsplass og nedre del av Borggata. (Merka grønt i illustrasjonsplan for Leirvik torg). Sjølve Borggarden og området rundt Hagerupshuset vart foreslått til leik og torg.

#### Innspel til planarbeidet

Utvalet arrangerte ope møte i Stord kulturhus 28. september 2014. Administrasjonen hadde møte med representantar frå torghandlar, Leirvik Sentrumsforeining og aktuelle kommunale instansar. Utvalet samarbeida med pilotprosjekta Gangbar tettstad, Sykkelenbyen Stord og Tryggleik og tilgjenge for ungdom.

I Rådhuset er det i gong eit eige prosjekt der målet er å flytte kantina til fyrste etage og med utgong til torget. Målet er å få ein ope kafé som kan fungere som møteplass mellom administrasjon, politikarar og ibuarar i kommune og omland.

#### Politisk handsaming

Utvalet la fram sak for Komitè for næring miljø og kultur 10.12.2014. Komiteen vedtok at dei ønskjer tiltak utført på torget i tråd med idéskisse i notat til saka, og innanfor dei vedtekne økonomiske rammene la dei frist for arbeidet til innan 1. mai 2015.

Det var kort tid for å gjennomføre prosjektet. Parkeringsplasser mellom torg og Borggata vart fjerna, og sjølve torget vart asfaltert. I regi av prosjektet Sykkelenbyen Stord er det sett ut sykkelstativ framfor Rådhuset og på torget

Ønskje om vidare utvikling og realisering

Når utvalet starta sitt arbeid var dei fullt klar over at midlane som stod tilgjengeleg ikkje kunne dekke ei total opprusting av torget. Men det ligg no vedteken plan som dannar grunnlag for ei nærare detaljplanlegging.

Utvalet har lagt konkrete føringar som det no er ønskeleg å samordna i forhold til planar for ny kantine i Rådhuset med uteareal på torget, utsmykking, lyssetjing, parkeringsplass, leikeområde, sitjeplassar og ønskje om eit dukspent tak over deler av torget (musikkpavelijong)

Lyssetjing av skulpturen til Anders Kjellesvik. Det ligg ikkje midlar i budsjettet for utsmykking til lyssetjing av skulpturen, men eit underlys vil framheva skulpturen og vorte eit fint lyspunkt på torget

## VIDSTEENPARKEN

Parken ligg på ei høgde ca 200m i luftlinje overfor torget på Leirvik. Området er ca 21 mål, ein skogkledd ås, med utsyn over Vikafle

Parken har i alle år fungert som tumleplass for born som bur i området og er endestasjon for 17.mai toget. Ei lita utescene blir brukt til talar og mindre konsertar. Fleire ser potensialet i parken. Dei ønskjer ny scene med moderne fasilitetar, og ein attraktivt park.

I 1913 vart Sunnhordland Folkemuseum og sogelag stifta. Ådlandsstova, ei årestove frå ca 1400, var det første bygget som blei flytta til parken. Det er Hordaland Fylkeskommune som eig og driv museet, men grunnen er det Stord kommune som eig.

2012 skipa entusiastar Venelaget for Parken. Dei samla inn midlar til ny arealbruksplan, som vart vedteken i Komité for næring miljø og kultur i 2014. Arealbruksplanen skal vera retningsgjevande for opprusting og vidare utvikling av parken.

Venelaget for Parken har rydda stiane i parken, felt tre slik at parken er open og fjorden er kome godt til syne. Venelaget i lag med Sunnhordland museum og Høgskulen Stord Haugesund (HSH) held på å utarbeide plan for aktivitetsområde.

Venelaget har laga til eit eige plantefelt med 20 artar bregner. Det er 45 artar i Norge, 31 av desse finst naturleg på Stord. Arbeidet er utført i lag med Stord hagelag.

Venelaget ønskje å gjenskapa «Landet ved bekken», barnebokfortelingane om Dustefjerten og vennene hans. Forfattaren er Rune Belsvik frå Stord.

Ideen er å visa alle figurane i forteljinga i deira rette miljø. Figurane vert skorne ut av furustokkar, frå tre felt i Parken. Kunstnar er Kjell Musland frå Uskedalen.

fagarbeidarar som sveisarar, brennarar, og overflatebehandlarar etc. Det blir lagt opp til at kunstnaren skal stå heilt fritt til å tolka, utfordra og debattera dette på eige grunnlag

Engasjement.

To opne møte der planar vert lagt fram og det er mulig for publikum å komma med innspel.

Det skal vera ein nær dialog med naboar og næringsdrivande.

skuleklassar skal engasjerast

håper på engasjerande dialog i lokalp

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Stord kommune Org.nr:939866914	Borggata 2	-
Kontakt-	Guri Andresen Aksnes	-	97552212

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
person			
Prosjekt- leder	Magnus Mjør	-	97554039

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Kommunedelplan for Leirvik si hovudmålsetting er at Stord skal vere ein attraktiv kystby og det naturlege senteret i regionen. Samstundes skal Leirvik vitaliserast som sentrum i byen.

### Prosjekt mål

Leirvik sentrum er ein attraksjon, vakker og inspirerande. Folk søker saman og trivst. Folk er optimistiske og Stord samfunnet er i vekst.

Stord er Regionsenteret i Sunnhordland

### Forankring

Det er Stord kommune som er eigar av torget og Vidsteenparken

Planane for torget og Vidsteenparken er forankra i Kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021

Byutvikling:

Stord er det naturlege regionsenteret i Sunnhordland, og mange offentlege og private funksjonar som naturleg høyrer heime i eit regionsenter, er lagt til kommunen. Innan mange område har Stord ein formell regional status, som t.d. innan kultur og idrett med regionalt kulturhus, regionale idrettsanlegg, regionalt museum (konsolidert museum) etc.

Miljø, estetikk og trivsel:

Etter kvart som den materielle levestandaren aukar for mange av innbyggjarane, vert spørsmålet om livskvalitet meir aktuelt. Einsidig jag etter materielle gode kan gje redusert livskvalitet. Korleis har me det rundt oss? Korleis verkar det fysiske miljøet inn på trivsel, velvære og samhandling? I samfunnsplanlegging vert det fysiske miljøet og den estetiske kvaliteten på uteromma stadig viktigare. Reine og vakre omgjevnader og kulturell aktivitet er trivselsfremjande. Trivsel og god livskvalitet er grunnleggjande for optimisme og utvikling og nyskaping. Kulturelt mangfald fører med seg ny kompetanse og nye idear. Eit samfunn der folk trivest er eit vilkår for nyskaping og framsteg.

Byregionsprogrammet fase 1.underbyggjer denne påstanden når den fastlår at Stord skal vera regionsenter i Sunnhordland. Denne prosjektsøknaden støtter seg til Byregionsprogrammet fase 2, der prosjektmålet sin visjon er :

Regionbyen Stord – lokomotiv i vekst

### Prosjektorganisering

Eigar: Stord kommune

Prosjektleder: Rådmann Magnus Mjør

Styringsgruppe: Stord kommunestyre

Prosjektgruppe: Stord kommunale eigeendom KF, Vatn og avlaup KF, Regulering byggesak, eininga

Kulturtenester, Sunnhordland museum, Venelaget for parken, Leirvik sentrumsforeining

### **Samarbeidspartnere**

Scanmet AS

Kværner Stord AS

Sunnhordland museum

Stord næringsråd

Venelaget for Åarken

Leirvik sentrumsforeining

### **Aktiviteter**

Torget

Utvalet har lagt konkrete føringar som det no er ønskeleg å samordna i forhold til planar for ny kantine i Rådhuset med uteareal på torget, utsmykking, lyssetjing, parkeringsplass, leikeområde, sitjeplassar og ønskje om ein dukspent tak over deler av torget (musikkpavelijong)

Engasjere eit konsulentfirma til å utarbeide ein detaljplan for torget der følgjande konkrete forslag vert tekne med:

Legge til rette for torghandel mot ny parkeringsplass med merka areal for kvar salsbod. Kvar salsbod skal få tilgang til straum gjennom punkt i bakken.

Felle tre, fjerne fortau og parkeringsplassane mellom torget og Borggata. Plante nye tre i grensa for ny parkeringsplass mot Torghuset og torget.

Området for møteplass på hjørnet mellom Torgbakken og Borggata vert oppretthalde. Felle tre trær for å opne for lys.

Det skal ikkje vera ope for kjøring til torget anna enn til private parkeringsplassar og for varelevering.

Utvalet foreslår at det vert lagt brustein i sand på sjølve torget. For å oppnå universell utforming lyt det leggjast stein i betong på tvers over torget. Alternativet er å legg steinbelegg eller asfalt som er rimelegare.

Sykeltraseen skal gå over torget slik gruppa for «sykkelbyen Stord» rår til. Det skal ikkje merkast eigne felt for sykkel. Syklistane skal ta omsyn til gåande.

Fortau framfor Rådhuset er slite. Steinen bør skiftast ut og det bør leggjast stein som framhevar den flotte arkitekturen på Rådhuset og harmonerer til resten av området. (Område er merka med stipla grønt)

Spenne ein duk over torget som fungerer som tak over torghandel, og som tak over scene ved musikk- og andre arrangement.

Lyssetje skulpturen til Anders Kjellesvik. Det ligg ikkje midlar i budsjettet for utsmykking til lys, men eit underlys vil framheva skulpturen og vorte eit fint lyspunkt på torget

Midlar til investering:

Duk over torget, lyssetje skulpturen til Anders Kjellesvik, investering i benker og brustein i samd over torget

Vidsteenparken

Me søkjer om midlar til ein utbyggingsplan for Vidsteenparken.

Vidsteenparken er eit flott område med utsyn over Vikafle. Utbyggingsplanen bør utformast i eit samspel med arkitekter og landskapsarkitekter som jobber i dialog med kunstar og kunstnarleg konsulent.

Me søkjer om midlar til investering i ny scene, amfi, servicebygg og ny veitrase i Vidsteenparken.

### **Målgrupper**

Alle som bur og oppheld seg i Sunnhordland. Bebuarar, næringsdrivande i oppdrag på Stord og turistar-

### **Resultat**

Torget på Leirvik:

1 Utarbeide en detaljplan for torget

2 Opparbeide torget:

Alltid folk på dag og kveldstid

Torget er ein plass folk søker - aleine eller i lag med andre

Optimisme - Auke i handel - auke i arbeidsplassar

Folk i alle aldersgrupper finn ein plass på toget

Vidsteenparken

1. Ferdig Utbyggingsplan

2. Investering i parken

Alltid folk i parken

Attraksjon

3. Ikkje investere i detaljplan for torget eller utbyggingsplan for Vidsteenparken

### **Effekter**

Torget på lerivik

1. Plan for det vidare arbeidet som omhandler og inkluderer kunst, torghandel, musikkpaveligjong, kafe, leik

2 Opprustning av torget: Skaper optimisme - auke i handel - auka sysselsetjing - auke i trivsel dei unge flyttar heim til Stord

eit vakkert sentrum som er kjend langt ut over Norge sine grenser

Vidsteenparken.

1 Ferdig utbyggingsplan:

Grunnlag for vidare arbeid og prosessen har ført til ein konstruktiv samordning av dei ulike interessefelt i parken.

2. Investering i ny scene, amfi og servicbygg:

Attraktivt å bruke scenen til mindre konserter og framsyningar

Følk søkjer inspirasjon og ro.

Eit senter som Sunnhordalendingen bruker og er stolte.

3. Ikkje grunnlag for vidare utbygging

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Tidsplan

Desember 2015 Oppstart med utbyggingsplan for Vidsteensparken og detaljplan for torget på Leirvik.

Januar 2016 Ope møte i Stord Kulturhus

Januar 2016 Ope møte med bedrifter og næringsorganisasjonar på Stord

Februar 2016 Klart forslag til detaljplan /utbyggingsplan

Februar 2016 Ope møte der forslaga vert lagt fram for innspel

Mars 2016 Planane er klare for byggemelding

Mai 2016 Vedtekne planar.

August 2016 Dersom det er midlar til deler eller heile prosjektet vert det oppstart i arbeidet.

August 2016 Klargjering av torget for plassering av kunstprosjekt

Sept, 2016 Opning /avduking av kunstverka på torget og i Vidsteensparken

Hausten 2016 Ferdigstilling av torget.

17. mai 2017 Scene, amfi og service anlegg i Vidsteensparken teken i bruk

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
						0
Benker / søppelkorger		300 000				300 000
Detaljplan for torget		300 000				300 000
Duk over torget		1 500 000				1 500 000
Investering i ny Scene/amfi		1 500 000				1 500 000
Lys - skulptur		200 000				200 000
opparbeiding torg		1 800 000	1 700 000			3 500 000
utbyggingsplan for vidsteensparken		400 000				400 000
<b>Sum kostnad</b>		<b>6 000 000</b>	<b>1 700 000</b>			<b>7 700 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Kommunal løyving		2 000 000	1 700 000			3 700 000
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland		4 000 000				4 000 000
<b>Sum finansiering</b>		<b>6 000 000</b>	<b>1 700 000</b>			<b>7 700 000</b>

## Geografi

1211-Etne, 1223-Tysnes, 1224-Kvinnherad, 1216-Sveio, 1221-Stord, 1219-Bømlo, 1222-Fitjar

## Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Anders Kjellesvik - skisser.pdf	9 188 136	01.10.2015
Anders Kjellesvik - tekst.pdf	117 313	01.10.2015
Arealbruksplan for Vidsteenparken datert 18.06.2013.pdf	2 529 332	01.10.2015
Arealbruksplan for Vidsteenparken datert 18.06.2013.pdf	2 529 332	01.10.2015
kart Dustefjerten & Co.pdf	255 901	01.10.2015
Notat - Torget på Leirvik.pdf	70 911	01.10.2015
Revidert skisse torget Leirvik utan paviljong.pdf	514 532	01.10.2015
Skisse torget Leirvik med paviljong.pdf	525 155	01.10.2015
Utsmykkingsplan for Vidsteenparken og torget på Leirvik.pdf	58 311	01.10.2015
Vidsteenparken - eksisterande løysing.pdf	305 107	01.10.2015
Vidsteenparken - Kart med ny scene.pdf	367 055	01.10.2015